

04.05.18

Raymond F. Johnsen
Mongstadvegen 469, 5955 Lindås
Tlf: 94156302
Epost: ra-joh@hotmail.com

Lindås Kommune v/ Ole Jakob Aarland
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
postmottak@lindas.kommune.no

Høyringsuttale vedr. utbygging av breiband i Lindås kommune

Kjære Lindås kommune

Lauvås er ei flott bygd med flotte mennesker som ligg sentralt langs Fv57 mellom Lindås og Mongstad.

Det som ikkje er så flott i bygda vår, er at me har svært dårlege forhold for både internett og mobil. Me ligg langt frå telefonsentraler, som gjer oss ustabil nett med svært lav hastighet, ca 1,5 Mbit/s hjå meg med stadige utfall. Det er også ein del av oss som har manglende mobildekning som inneber at mobilt breiband ikkje kan brukast.

Gleden var derfor stor når me i april 2016 såg at Lauvås var med på kommunens prioriteringsliste for utbygging av breiband i 2017/2018.

Frustrasjonen var dessverre desto større når me oppdaga at Lauvås, som einaste bygd frå opprinneleg liste, vart fjerna frå lista over områder for breibandsutbygging.

Me ser no at me blir omringa av fibernettverk, då Lindås er utbygd og Risa og Knarvik Nord blir utbygd i desse dagar. Me i Lauvåsbygda meiner derfor at det er på sin plass at Lauvås og Syslak, som dykk nevner i eget forslag over potensielle utbyggingsområder, blir prioritert i neste runde for breibandsutbygging. Sidan Lauvås Grendalag favner om Rosnes også, meiner me at Rosnes også bør prioriterast i vidare utbygging.

Kan og henvisa til brev datert 10.10.17, sendt til Ole Jakob Aarland, der me klaga inn avgjerda om å fjerna Lauvås frå utbyggingsplanane i forrige runde.

I tillegg til at me som privtpersoner blir meir og meir avhengig av eit fungerande internett, har me også ein del som driv firma i bygda vår eller har heimekontor, som er avhengig av nett og telefon for å driva desse effektivt.

Kort oppsummert, er me mange sambygdingar frå Lauvås, Syslak og Rosnes, som har eit sterkt ønske om at bygdene våre blir prioritert i neste breibandsutbygging.

Me håper på positivt svar og ser fram til tilbakemelding frå dykk.

Mvh

Raymond F. Johnsen
På vegne av Lauvåsbygda og Lauvås Grendalag